

 HELSE BERGEN Haukeland universitetssjukehus	<h2>Post-operative sårinfeksjoner, insidensundersøking</h2>
Kategori: Pasientbehandling/Smittevern	Gyldig fra/til: 27.08.2023/27.08.2026
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Fellesdokumenter/Pasientbehandling	Versjon: 5.02
Godkjenner: Dortha Hagen Oma	Retningslinje
Dok. ansvarlig: Smittevern, Seksjon for pasientsikkerhet	Dok.id: D00520

Insidensundersøking inneber registrering av antalet nye tilfelle av helsetenesteassosierte infeksjoner som oppstår i eit visst tidsrom. Helsedirektoratet har bestemt at alle sjukehus skal utføra registrering av postoperative sårinfeksjoner etter visse kirurgiske inngrep. Overvakinga skal skje kontinuerleg gjennom heile året, og data skal rapporterast til folkehelseinstituttet via NOIS-nett.

Insidensdata vert nytta som ein av fleire nasjonale kvalitetsindikatorar, og er tilgjengeleg på Helsedirektoratet sine [nettsider](#).

Forankring

- [Forskrift om smittevern i helse- og omsorgstjenesten.](#)
- [Forskrift om Norsk overvåkingssystem for antibiotikabruk og helsetjenesteassosierte infeksjoner \(NOIS-registerforskriften\)](#)
- [Kontinuerlig overvåking av infeksjoner i operasjonsområder, NOIS-POSI](#)

Inngrep som skal overvakast

	NOMESCO-kode (NCSP)	Inngrep
1	FNA, FNB, FNC, FNE	Aortokoronar by-pass
2	MCA 10	Keisarsnitt, nedre uterinsegment
3	NFB	Innsetting av protesar i hoftedeled
4	JKA20, JKA21	Kolecystectomi
5	JFB20-47 (unntatt JFB33), JFC10-51	Kolonkirurgi: reseksjon av tarm og tarmanastomosar

Helse Bergen overvakar fleire inngrep enn det NOIS-forskrifta pålegg føretaka. Overvakinga vert gjort elektronisk.

Alle pasientar som gjennomgår eit overvåkingsinngrep skal inkluderast.

Førekost av infeksjon skal målast ved ulike tidspunkt:

- Ved utskriving frå sjukehus (ev. ved død før utskriving)
- 30 dagar postoperativt
- 1 år postoperativt ved innsetjing av protese i hoftedeled

Gradering av infeksjon: Grad av infeksjon blir gruppert i tre grupper basert på kriterier utarbeidd av European Centre for Disease Prevention and Control (ECDC) :

1. Overflatisk postoperativ sårinfeksjon
2. Djup postoperativ sårinfeksjon
3. Postoperativ infeksjon i indre organ eller holrom

Datakjelder – elektronisk registrering

Pasientadministrative data (Dips):

- pasientidentitet, kjønn, alder, informasjon om tidspunkt for innlegging, operasjon og utskriving, diagnosekodar, reinnlegging mm

Operasjonsdata (Orbit):

- operasjonskode/-ar, operasjonsvarigheit, hastegrad, reinleiksgrad, ASA-klassifikasjon, antibiotikaproylakse, reoperasjon.

Infeksjonsdata:

- Ved utskriving - legetuft skjema ved utskriving (INFRE i Dips).
- Etter utskriving – svar på oppfølgingsbrev sendt til pasienten 30 dagar (1år ved protese kirurgi) etter operasjon. Skjemaet må vere fylt ut av lege for å stadfesta infeksjon som er meir alvorleg enn overflatisk.

Risikoindeks:

Risikoindeksen er utarbeidd som eit system for å stratifisere pasientar i høve utvalde faktorar som ein antek aukar risikoen for postoperativ sårinfeksjon (etter amerikanske NNIS). Den medverkar til å betra samanlikningsgrunnlaget for ulike einingar og område.

Variablane som inngår er ASA-klassifisering, operasjonslengd, reinleiksgrad, og om operasjonen er endoskopisk eller ikkje. 75-percentilen blir nytta for å normere lengd av dei ulike operative inngrepa.

Utrekning av risikopoeng på ein skala frå -1 til 3:

Stratifiseringsvariablel	Risikoindeks	Risikopoeng
ASA-score	>2	1
Operasjonstid	>75-percentil	1
Reinleik av operasjonssår	>grad 2	1
Endoskopisk prosedyre		-1

Ansvar*Seksjon for pasientsikkerheit – smittevern*

- Koordinera overvakinga
- Følgje pasientar opp etter utskriving
- Kvalitetssikra data
- Overføra data elektronisk til folkehelseinstituttet via NOIS-nett tre gonger årleg
- Ta initiativ til jamlege møter med aktuelle avdelingar for å diskutera resultat og infeksjonsførebyggjande tiltak
- Rapportera attende til avdelinga

Leiinga ved klinikkane

- Opplæring av nye kirurgar i høve variablar som skal registrerast, kriterier for infeksjon og av registrering av type postoperativ sårinfeksjon (overflatisk, djup, organ/holrom).
- Bidra til å gjera infeksjonsdata kjend i avdelinga
- Tilretteleggja for samarbeidsmøter med seksjon for pasientsikkerheit

Den enkelte kirurg

- registrera obligatoriske variablar som operasjonskode, reinleiksgrad, antibiotikaprofylakse mm
- diagnostisera postoperative sårinfeksjonar som oppstår i sjukehus (før utskriving, ved reinnlegging, poliklinisk konsultasjon etc.)

Eksterne referansar

Lovdata: [Forskrift om smittevern i helse- og omsorgstjenesten](#). 2005

Lovdata: [Forskrift om Norsk overvåkingssystem for antibiotikabruk og helsetjenesteassosierte infeksjoner \(NOIS-registerforskriften\)](#). 2005

Folkehelseinstituttet. [Kontinuerlig overvåking av infeksjoner i operasjonsområdet - NOIS-POSI](#).

